



ÅRSRAPPORT

GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING

2014

Gulen og Masfjorden Utvikling AS er lokalisert i Gulen kommune og har som føremål å medverke til næringsutvikling og lønsame arbeidsplassar i Gulen og Masfjorden kommunar.

INNHOLD

Innhald

Til våre aksjonærar	1
Kontaktinformasjon	4
Utvikling i området	5
Styret si årsmelding for 2014	6

TIL VÅRE AKSJONÆRAR

Til våre aksjonærar

EIGARANDELAR PER 31.12.2014

EIGAR	EIGARANDEL I PROSENT
SIVA SF	24,79
Sogn og Fjordane fylkeskommune	22,42
Gulen kommune	21,55
Masfjorden kommune	21,54
Hordaland fylkeskommune	9,70

STRATEGISKE HOVUDPUNKT

Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU) utarbeidde i 2014 ein ny handlingsplan for selskapet. Den største nye oppgåva i denne var profilering av regionen, som vart teke med etter ønskje frå eigarane Gulen og Masfjorden kommunar. Elles var etablerarrettleiing ein viktig post, som tok seg opp i siste halvdel av året. Dagleig leiar haldt fram som sekretær for Gulen og Masfjorden Næringsråd, og arbeidde også med andre oppgåver etter oppdrag frå kommunane, som Kraftspela, breiband, Ungt Entreprenørskap, deltaking på og arrangering av karrieremesser m.m. Arbeid med gass og næringsaksen Matre-Oppedal har vore på handlingsplanen, men har fått mindre merksemd enn planlagt.

DRIFTSMESSIGE HOVUDPUNKT

Det viktigaste arbeidet var i 2014 arbeid med profilering av regionen. Arbeidet dreidde seg om å kommunisera tilbod innan arbeid, bustad og fritid, basert på resultat frå intervju med representantar i målgruppa, som var ungdom i alderen 25-40 år (no endra til 20-35 år).

Frå hausten vart det ei aukande mengd etableringar av bedrifter, og fleire fekk hjelp til å søkja om støtte frå næringsfondet i Gulen og Kraftfondet i Masfjorden. Auka var i stor grad knytt til etableringar i Vidsyn, Sløvåg Næringsbygg, men gode tilbakemeldingar på søknadshjelp og saksbehandling, gjer igjen fleire interesserte i å søkja.

TIL VÅRE AKSJONÆRAR

Dagleg leiar deltok i planlegginga og gjennomføringa av ulike arrangement, som er viktige for å auka attraktivitet og få fram muleheitene i Gulen og Masfjorden. Her kan nemnast Kraftspela i Masfjorden og HAFS-treff for Gulen.

SLØVÅG NÆRINGSBYGG

28. november 2014 var det storslått opning av Gulen og Masfjorden Næringsbygg. Den offisielle opninga med snorkutting vart gjennomført av direktør for innovasjon i Siva, Ola Borten Moe. Det var ope hus for alle, og aksjonærar, ordførarar og rådmenn, prosjektarbeidarar med fleire var gjestar på ein meir formell lunsj. På kvelden var det festmiddag for leidgetakrar og aksjonærar, og andre hovudpersonar i arbeidet med bygginga.

Næringsbygget har i dag 35 leidgetakrar, og arbeidshotellet er i full drift. Det har allereie oppstått nye bedrifter ut frå udekte behov i bygget, og fleire har flytta inn sidan opninga. Bygget har fått mykje merksemd i lokalmiljøet og andre stader i Hordaland og Sogn og Fjordane. Realiseringa av det 7800 m² store bygget i Gulen er eit levande symbol på at samarbeid kan skapa nye muleheter, og det er heilt klart at dette er eit løft for næringslivet og samfunnet rundt.

GULEN OG MASFJORDEN NÆRINGSHAGE

Gulen og Masfjorden Næringshage hadde første driftsår i 2014. Næringshagen kom i gang med utviklingssamtalar for målbedriftene, og har lagt til rette for diverse kurs som bedriftene hadde behov for. Det vart tilsett ny dagleg leiar ved slutten av året, Veronica Haveland. Veronica har bachelor i økonomi og administrasjon med vekt på innovasjon og entreprenørskap, og har bakgrunn frå forsvaret. Næringshagen har potensiale til å bli ein svært viktig partnar i å styrka lokale bedrifter gjennom vidareutvikling.

FRAMTIDSUTSIKTER OG UTVIKLINGSPERSPEKTIV

Arbeidet med profilering av regionen har gjort særleg målgruppa, men også andre, meir merksame på GMU sitt arbeid. GMU har bygd opp ein database over personar som er interesserte i nytt arbeid, og har skaffa kontaktdetaljar til mange i målgruppa. Folketalet i både Gulen og Masfjorden gjekk smått opp i 2014, og det er ein positiv trend i høve tilbakeflytting og meir permanent etablering i målgruppa. 2014 har vore ein god start på

TIL VÅRE AKSJONÆRAR

arbeidet med profilering av regionen, og det er godt grunnlag for å halda fram dette arbeidet.

Det vart etablert 29 nye bedrifter i Gulen og Masfjorden i 2014. Dette er ei auke på 4,9 prosent, og næringslivet viser såleis stor optimisme og handlingskraft.

Noreg står ovanfor ein omfattande kommunestrukturdebatt. Dersom Gulen og Masfjorden blir del av ein større kommune, vil dette føra til endringar for kommunane, og truleg også for GMU. Næringsrådet såg i 2014 på mulegheiter for å samla kommunane om felles tenestetilbod for å sikra nokre av desse. Det vil vera viktig å sikra eit endå betre samarbeid i regionen for å oppretthalda og vidareutvikla eit effektivt og levedyktig samfunn på nordsida av Fensfjorden.

Solveig Daae Kristiansen

Dagleg leiar

22.04.2015



KONTAKTINFORMASJON

Kontaktinformasjon

SOLVEIG DAAE KRISTIANSEN
DAGLEG LEIAR



Tel 476 05 190

E-post solveig@gmu.no

Gulen og Masfjorden Utvikling

Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra

Tel 476 05 190

E-post solveig@gmu.no

Web www.gmu.no

www.facebook.com/gmutvikling



Gulen & Masfjorden Utvikling

UTVIKLING I OMRÅDET

Utvikling i området



SYNFARING I HALSVIK 5. OKTOBER 2012



EMAS MARINE BASE GULEN 20. MAI 2015

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2014

Styret si årsmelding for 2014

OPPLYSINGAR OM DRIFT OG UTVIKLING

Styret har hatt fire styremøte i 2014. Forretningsplanen er oppdatert med nytt budsjett for 2015. GMU har flytta inn i nye kontor i Sløvåg Næringsbygg, Vidsyn. Det er flott å sjå ein av GMU sine store satsingar verta realisert. Samlokaliseringa i bygget medverkar til nettverksbygging og genererer nye muleheiter og løysingar

Det vert med dette stadfesta at føresetnaden for fortsett fridt er til stades, og årsrekneskapen for 2014 er sett opp under denne føresetnaden.

ARBEIDSMILJØ/LIKESTILLING

Selskapet hadde i 2014 éi fast stilling. Solveig Daae Kristiansen er tilsett som dagleg leiar. I styret er det seks menn og to kvinner. Frode Langhelle gjekk ut av styret ved generalforsamlinga, og Simen Wilberg kom inn i styret. Arbeidsmiljøet er godt og det førekjem ikkje diskriminering på grunn av kjønn.

YTRE MILJØ

Gulen og Masfjorden Utvikling AS er eit utviklingsselskap og ureinar ikkje det ytre miljøet.

VALUTAEKSPONERING

Gulen og Masfjorden Utvikling AS har ingen plasseringar i andre valuta enn NOK og er difor ikkje eksponert for valutasvingingar. Selskapet sine midlar er plassert i to norske bankar; Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2014

FRÅSEGN OM ÅRSREKNESKAPEN OG RESULTATDISPONERING

Styret meiner det framlagde årsrekneskap med balanse og noter gir eit rett bilet av selskapet sine egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS hadde i 2014 eit overskot på kr 362.044,-, som vert avsett til eigenkapital.

Sløvågen 2, 23.04.2015

Hallvard Oppedal

Karstein Totland

Bjørn Falck Russenes

Jon Johansen

Marit Austgulen Wick

Ivar Eide

Simen Wilberg

Irene Kjelby Wergeland